Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28 | Fylke: Aust-Agder

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Herefoss

Emne: Drikk til maten til kvardags. | Bygdelag:

Oppskr. av: Asborg Langemyr | Gard:

(adresse): S. Herefoss | G.nr. | Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Eirik Stoveland, bonde 70 år.

SVAR

Bruken av mjølk har heller minka enn auka i siinare tid.
Mjølk blir før nytta mykje som tyrstedrikke og då som blande eller „skyr". No blir det nytta minder — men surmjølk nyttast enno mykje i sommarsamen t. d. i slåtten.
Øl har vori lite nytta som kvardagsdrikk. Det var juleøl som ein kalla det den dag i dag. Gelder tider blir det nytta maltøl, men det er det hilt slutt med no. Fr ein del år tilbake blir det bryggja mykje sirupsøl. Det blir og av og til nytta som tyrstedrikke i slåtten.
No er det jamt „Tomten" som blir bruka.
Kaffi har vori i bruk som kvardagsdrikk så lenge Eirik Stoveland kan minnest. Og han blir vel helst nytta meir fr ein del år tilbake enn no. Ungdomen vo gå meir og meir bort frå kaffi.
Det mest almindelige er vel at folk drikk kaffi to gonger om dagen

5552

Kaffien, malen, har ein på kokande
vatn og kokar han ei stund. Mange
brukar „klarsteinn" andre bar
kaldt vatn. Ein spad litt fr. mord
av og til. Dei gamle, gode spikjer-
ringane er borte no.
Ein nytta raffinade og fløte
i kaffien. (Fr. i tida bruka dei brent sukker til k.
Te er svært mykje mindre bruka.
Fr. i tida bruka dei mykje salvinte.
Eirik Staveland fekk salvinte til
morgons då han var liten. Blei
folk krim sjuke bruka dei hyllete
som var svært godt.
Brennevin har ikkje vore nytta
på Staveland dei siste 40 åra då
det har vore ein god avhaldsheim.
Elles var det nok å få seg brenne-
vinsdrunkar til høgtidene - jule-
brennevin - og til lendlaup og
gravferder. Brennevin blei ikkje
nytta til kvardags. Ein kann vel
sei at ein arbeidde best utan.
- Da dei kom nær butikken blei det
nok nytta ein del av nyare drykker
brus og sirkuöl. Det blei og selt mykje
slikt på festar. Brus er no ein gong
borna sin drikk.

5552

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING